



Gunn Mari Moberg: - Kvifor venta på reguleringsplanen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er positivt at kommuneadministrasjonen står på for Børnes industriområde. Men er det naudsynt å venta på 'vaskinga' av den gamle reguleringsplanen før ein sel nye tomter opp mot riksvegen ?

Det er Høgre-politikar Gunn Mari Moberg som spør slik i samband med det eigedomskonsulent Jarle Fossheim sa til uskedalen.no måndag.

Han gav då uttrykk for at kommunen vil laga ein ny reguleringsplan viss Myklebust-brørne (Trond og Gunnar) får gjort alvor av sandutskipingsplanane sine. Då må det opparbeidast ein ny veg gjennom det område som enno ikkje er seld.

I siste kommunestyremøtet før jul stilte Moberg spørsmål om marknadsføringa av industriområde i kommunen og då særleg av Børnes.

Rådmannen viste til at industriområda låg ute på nettsida til kommunen og at det i tillegg er utgjeve ei informasjonsbrosjyre. Meir hadde ikkje kommunen råd til, meinte rådmannen.

Men Moberg meiner at det også er andre informasjonskanalar som kan nyttast. Og ho kjem tilbake til opplysningane til Fossheim:

- Då denne saka var oppe i eit møte i Uskedalen Utvikling i oktober, opplyste Fossheim hvis eg hugsar rett at kommunen utan at ein venta på en oppdatert reguleringsplan kunne selgja ut areal berre noko melde seg, anten bit for bit eller til ein stor bedrift.

Eg oppfatta det slik at han då sikta til areala som ligg nærast riksvegen, der ein ikkje må venta på at den nye vegen gjennom det ledige arealet skal teiknast inn, seier Gunn Mari Moberg.

Av Ola Matti Mathisen